



AUSTRHEIM KOMMUNE

Plan, bygg, oppmåling og miljø

Austrheim kommune Plan Byggjesak og Miljø
Årås
5943 Austrheim

Referanser:

Dykkar:

Vår: 22/116 - 22/1448

Saksbehandlar:

Christopher Marius Straumøy

christopher.marius.straumoy@austrheim.kommune.no

Dato:

15.02.2022

Rammeløyve - gbnr 142/101,209 - veg med infrastruktur

Administrativt vedtak. Saknr:

Vi syner til søknad motteke 21.01.2022

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav j og l vert det gjeve rammeløyve for etablering av veg, vatn og avlaup til nytt bustadfelt på gbnr 142/101/209, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova §§ 40 og 43 på følgjande vilkår:

1. Vegen skal byggast i tråd med reguleringsplanens kart for omsøkt veg.
2. Det må sendast inn søknad om nødvendige ansvarsrettar før det kan gjevast igangsetjingsløyve.
3. Vegen skal byggast minst 0.5 meter frå naboeigedom gbnr. 142/210.

Saksutgreiing:

Søknad gjeld rammeløyve til veg med tilhørande infrastruktur til tomt og midlertidig deponi på gbnr 142/209.

Tiltak

Søknaden gjeld utarbeiding av veg i tillegg til deponi inne på planlagt bustadeigedom. Søkar har komme med denne beskrivelsen:

Oppføring av veg, vatn, avlaup, straum o.l. til eigedom gbnr 142/209. Mellombels deponi av overskotsmassar på gbnr 142/209 i samband med opparbeiding av tilkomstvegen på gbnr 142/101. Bustadane sine utsjånader er ikkje ferdig avklart, desse vert difor varsla i eiga sak. Tidlegare utsendte nabovarsel går ut!

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg føre 2 merknader i samband med nabovarslinga.

Odd og Norunn Uthaug sendte inn følgende merknad:

Hei,

Under finn det merknader me har i samband med nabovarsel utsendt for veg til 142/209 over 142/101.

- Kan ikkje sjå at veggen er innteikna med minimum 0,5 meter frå vår tomtegrense
- Reguleringsplan for Austrheim Kommunesenter kan me ikkje sjå er dokumentert i henhold til krav for reguleringsplaner. Finn heller ikkje dei nødvendige plandokument digitalt og har fleire gongar etterspurt dei utan å få eit fornuftig svar.

•
mvh

Odd og Norunn Uthaug

Den første merknaden om veggen ligg heilt i grensa til nabotomta til Odd og Nina Uthaug er kommet i møte frå tiltakshavar:

Fra: Stian Marøy <stian.maroy@austrheim.kommune.no>

Sendt: 11.01.2022 08:33:00

Til: odduthaug@outlook.com

Emne: SV: Merknad nabovarsel oppføring av veg, vatn og kloakk til eigedom 142/209

Hei

Angående dine merknadar på nabovarsling av VVA m.m. til eigedom gbnr 142/209.

I reguleringsplanen ligg veggen mot eigedomsgrensa, men det er ingen problem med ein liten justering av veggen 0,5 meter frå grensa di.

Den andre merknaden frå Odd og Norunn Uthaug gjeld etterspurnad om dokumentasjon om reguleringplanen. Dette gjeld også nabomerknaden sendt inn frå Nina Uthaug og Helge Dragøy og blir handsama saman.

Hei,

Viser til nabovarsel sendt 09.12.2021 og mottatt 14.12.2021

Kan framleis ikkje sjå at nabovarselet er gyldig på bakgrunn av følgande:
Me kan framleis ikkje sjå at det føreligg godkjent reguleringsplan for Åråshaugen / Austrheim Kommunesenter.

Dette må de vere venleg å dokumentere før me eventuelt kan ta stilling til dette nabovarselet.

På nordhordlandskart.no er vedtak i kraft meir ein kladd enn noko som liknar eit skikkelig dokument og viser ikkje detaljar for godkjenning og riktig saksgang.

Her er mykje dokument som manglar.

Austrheim Kommune har følgande informasjon om kva som skal ligge i digitalt planarkiv:

Aktuelle dokument som inngår i digitalt planregister:

- Plankart
- Føresegner
- Planomtale (inkludert konsekvensutgreiing og ROS-analyse)
- Illustrasjonar/vedlegg (retteleiar eller juridisk bindande gjennom føresegner)
- Saksframlegg til politisk behandling
- Vedtak ved sluttbehandling (inkludert avgjersle ved eventuell motsegn/klage)

Fleire av desse dokumenta manglar og før me kan ta stilling til dette nabovarselet må desse vere på plass.

Vil samstundes be om ein plan for området de no skal utvikle.

Det er etter vårt syn særskilt viktig at bebuarane i området vert informert om kva planane er. Rekner og med at dette er av Austrheim Kommune sin interesse.

Utklipp frå kommunestyremøte 23.09.2021:

"

Om status ROP-bustader/Åråshaugen omsorgsbustader, ved kommunalsjef helse og omsorg, Monika Kvamme:

- *Prosjektet har no namnet Åråshaugen omsorgsbustader. Frå administrasjonen jobbar Asbjørn Toft, Rolf Henning Myrmel og Monika Kvamme med prosjektplan og mandat.*
- *Har rydda tomte, som er på toppen bak kommunehuset, på austsida.*
- *Link Arkitekt startar i veke 40 med teikning av bygga, teikningane klare i løpet av oktober.*
- *Er i kontakt med Husbanken for å få finansiert noko gjennom dei.*

Rikke Heldal Hope spurte om nærleiken til barnehage og skule. Monika Kvamme svara at det er lite tilbod om ROP-teneste i Austrheim, og kommunen må planlegga med større bemanning på dette. Dei som flyttar inn der vil krevja ulike typar tenester."

Samtidig kan ein jo undre seg prioriteringa til Austrheim Kommune, då ein i følge utsendt kladd av kart og dei føresegnene ein finn at det er eit område ferdig regulert til omsorg med veg, vatn og kloakk tilknytta som ikkje vert vurdert.
Ref område B2.


Mvh
Nina Uthaug og Helge Dragøy
Sætrevegen 223,
5936 MANGER

Merknaden anfører att reguleringsplanen for Kommunehuset i Austrheim ikkje er bevist gyldig. Reguleringsplanen for området vert vedteke den 29.06.2005 i kommunestyret. I vedtaket er nokon

område tatt ut av reguleringsplanen før den ble endelig vedtatt av kommunestyret. Desse områdene gjeld i alle høve ikkje omsøkt tiltak. Det er heller ikkje haldepunkter for att reguleringsplanen ikkje er gyldig. Vedlagt ligg plankart, føresegna til plan og planvedtaket.

Planstatus

Omsøkt veg ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Austrheim kommunesenter er definert som veg med grense til det som er definert som bustad(b5), konsentrete bustader(KB1) og eit lite stykke av vegen grense til friområde (F2):



Område for omsøkt veg markert med blå penn.

Tiltaket er etter kommunen sin vurdering etter dette i tråd med planen.

Vurdering etter naturmangfaldslova


Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Stasforvalteren i Vestland.

Fråsegn frå andre mynde

Saka har ikkje vore på høyring hjå andre mynde, då dette ikkje er aktuelt i saka.

Situasjonsplan med riktig målestokk 1:500.



Tiltaket er teikna inn med tilstrekkeleg målsetting. Situasjonsplanen viser terrengendingar som følge av det nye tiltaket (skjering, fylling, støttemurar og liknande.) Tilkomst/avkøyring til det nye tiltaket, stigning på tilkomst er satt til 1:10. Siktlinjer er og ivareteke.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering. Visuelle kvalitetar vil vil nærare vurdert ved søknad om igangsetjingsløyve.

Konklusjon:

Det vert godkjent omsøkt rammeløyve til veg på gbnr 142/101 samt tilhøyrande infrastruktur og deponi på gbnr 142/209.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Christopher Marius Straumøy
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Helge Dragøy
Nina Uthaug
Odd Kåre Uthaug

SÆTREVEGEN 223 5936
SÆTREVEGEN 223 5936
AUSTRHEIMSVEGE 5943
N 1006

Manger
Manger
Austrheim

Mottakere:

Austrheim kommune Plan Byggesak Årås
og Miljø

5943

Austrheim